



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2534 - 14/7162

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.03.2014

Manglar i søknad om løyve til tiltak - oppføring av bustad på gbnr 107/3 Kolås

Kommunen viser til søknad om gjenoppføring av bustad på gbnr 107/3 etter brann. Omsøkte tiltak gjeld oppføring av einestad med utleigehusvære .

På garden kan det berre førast opp tiltak som er knytt til landbruksverksemda. Oppføring av våningshus eller kårbustad inngår i landbruksføremalet dersom bygningen er naudsynt av hensyn til drifta på garden. Oppføring av bygning med bustadføremaal ut over behovet til garden ikkje vil vera i samsvar med landbruksføremalet.

Saka er drøfta med landsbruksavdelinga. Det er allereie ei bueining på eigedomen, jf bustad med adresse Kolåsvegen 124. Gjenoppføring av bustad som erstatning for den nedbrende bustaden er kurant. Oppføring av einestad med utleigehusvære er i strid med plangrunnlaget og vil krevja dispensasjon.

Saka kan ikkje handsamast slik søknaden no ligg føre og vert lagt på vent inntil kommunen mottok revidert søknad/søknad om dispensasjon. Kommunen vil også gjera merksam på at sentral godkjenning for føretaket Hans Jarle Haukås gjekk ut 02.03.2014. Det må dokumenterast at sentral godkjenning er fornya eller det må søkjast om lokal godkjenning av føretaket ved innsending av ny dokumentasjon i saka.

Frist for tilbakemelding vert sett til 6 veker, dvs 07.05.2014.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Kopi til:

Ove Martin Kolås

Kanalvegen 2 E

5955

LINDÅS

Mottakrar:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5955

LINDÅS